

Innkalling til møte i Gulen kommunestyre 16. juni 2022

SAKLISTE

- GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE
- SKRIV OG MELDINGAR
- DELEGAJONSSAKER
- DRIFTS- OG INVESTERINGSRAPPORT 1.TERTIAL 2022 STATUSRAPPORT FINANS- OG GJELDSFORVALTNING PER 30.04.2022
- FRAMLEGG TIL VIDARE FRAMDRIFT VEDK. KOMMUNAL OVERTAKING BYRKNES VASSVERK SA
- GODKJENNING AV REGULERINGSPLAN FOR GANG- OG SYKKELVEG HOVDEN-STEINE GBNR. 62/2 OG 3
- FARTSFORSKRIFT EIVINDVIK HAMN
- HANDSAMING AV KLAGE PÅ AVSLAG OM DISPENSASJON FRÅ REINSEKRAV I FORUREININGSFORSKRIFTA FOR UTSLEPP AV AVLØPSVATN FRÅ GBNR 105/71 HILLE
- MEDLEMSKAP HAFS REGIONRÅD. VURDERING
- RAMMFØRESETNADER FOR HANDLINGS- OG ØKONOMIPLAN 2023-2026
- SAMFUNNSPLAN GULEN KOMMUNE 2022-2034. HEILSKAPELEG GJENNOMGANG AV UTKAST TIL PLAN
- HELSE BERGEN. ETABLERING AV HELSEFELLESSKAP. OVERORDNA SAMARBEIDSAVTALE OG TENESTEAVTALE
- VEDTAK HANDLINGSPROGRAM FOR FOLKEHELSE VESTLAND 2022-2025
- VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I GULEN KOMMUNE
- VEDTEKTER FOR KOMMUNALE BARNEHAGAR I GULEN KOMMUNE
- SØKNAD OM SERVERINGSLØYVE HILLE GARD OG GLAMPING
- SØKNAD OM SKJENKELØYVE HILLE GARD OG GLAMPING
- SØKNAD OM AVDRAGSUTSETJING
- GODKJENNING AV MØTEBOK

Stad og tid: Gulasalen, kommunehuset i Eivindvik kl.10:00. Sakstilfanget ligg til gjennomsyn i ekspedisjonen, og på nett: www.gulen.kommune.no

Nye saker kan kome til.

Møte er ope for publikum. Møtet kan følgast digitalt. Følg med på kommunen si heimeside for utlagt link til møtet.

Alle er velkomne. Hallvard Oppedal, Ordførar

Informasjon frå legekontoret

Utekontora i Brekke og på Byrknesøy vil vere stengt i juli. Legekontoret i Eivindvik vil ha normal opningstid alle vekedagar, også måndag og onsdag. Grunna ferieavvikling og mindre bemanning ynskjer vi telefonar om timebestilling og reseptar før 11:00 tysdag, torsdag og fredag.

Kunngjering – utbyggingsavtale

Gulen kommune ynskjer å komme i kontakt med private aktører som kan vere interessert i å samarbeide om å utvikle bustadområde ytre Gulen / søre Gulen. Avtalen som er tenkt inngått er ein utbyggingsavtale i tråd med plan- og bygningslova sine regler. Oppstart 2023-2024. Prosjektet er avhengig av politisk godkjenning.

Privat aktør står for reguleringsplanarbeidet og må ha tilgang til tilgjengeleg areal.

Interesserte kan melde si interesse til Gulen kommune postmottak@gulen.kommune.no

Frist for melde si interesse 1. august.

Tilskot til veglys

I budsjett for 2022 har kommunen satt av kr 100 000 i driftstilskot til veglys i bygdene.

Ordningsa kommunen har hatt med utdeling av ekstra tilskotsmidlar til utskifting av lysarmaturar til LED-lys er no avslutta då det ikkje er løyvd vidare midlar til dette i kommunestyret.

Kriterium for tilskot er som fylgjer:

- Drifta er organisert i eit eige lag, med eit ansvarleg styre
- Laget fører rekneskap og skriv årsmelding
- Laget driftar 10 lyspunkt eller meir



Det er utarbeidd eit obligatorisk søknadsskjema som må sendast inn saman med eventuelle vedlegg. Dette skjemaet er tilgjengeleg på Gulen kommune si heimeside Me ber om at dei laga som allereie har sendt inn søknad, ettersendar dette

søknadsskjemaet innan søknadsfristen.
Søknadar som kjem inn utan dette skjemaet
vil ikkje bli godkjend!

Send inn søknad og legg ved siste års
rekneskap og årsmelding samt andre
vedlegg til:

postmottak@gulen.kommune.no
eller per post til: Gulen kommune
Eivindvikvegen 119, 5966 Eivindvik

innan søknadsfristen 1. juli 2022.

Kommunikasjon med personar med demens

Omgangskrinsen og vårt sosiale liv er viktig for alle menneske. Dette er noko av det som kan bli utfordrande når ein får ein demenssjukdom. Det kan vere ulike årsaker til det, men ofte grunnar det i vanskar med kommunikasjon, anten med å forstå eller finne dei retteorda.

Her nokre tips for å behalde ein god kommunikasjon med personar med demens:

- Kroppsspråket vårt er viktig. Smil, ver roleg og gjerne ver tydeleg om at du snakkar til personen
- Sei ein ting om gangen, gjerne med enkle, korte setningar, som er mest mogeleg konkret
- Det er viktig å ta seg godt tid, ikkje snakk for fort
- Unngå å rette på personen ved feil, prøv heller å føre på rett spor
- Minner er viktig, prøv gjerne å mimre over gode minner ein har delt
- Minner kan også sitte i kroppen. Både song, dans og musikk, handarbeid og baking er ting som kan sitte i fingrane i lang tid. Å få ta del på sånne stunder kan auke mestringeskjensla.



Kjelde: <https://nasjonalforeningen.no/demens/parorende-og-demens/kommunisere/>

Har du spørsmål om demens?

23 12 00 40
Demenslinjen
E-post: demenslinjen@nasjonalforeningen.no

Hukommelsesteamet i Gulen:
Brita E. Nese , tlf. 90 14 92 84 og Synnøve
B. Giil, tlf. 91 10 41 88

Velkommen til barseltreff

Tema Førstehjelp til barn/spedbarn

Stad Dalsøyra aktivitetssenter, Kjellevold

Tid Måndag 7.juni 2022 kl 1100-1300

Røynde førstehjelparar står for undervisninga. Det vert teori og praktisk øving med dukker. Helsesjukepleiarar deltek. Ta kontakt med Linda, Elisabeth eller Hennie om du har spørsmål. Enkel servering.

Hennie Lefdal, leiande helsesjukepleiar
Tlf: 97975760

Det er lettere enn du tror, å være en god far og mor!

Å vere foreldre er ei oppgåve som kjem heilt utan angre-knapp! Og for ei gāve det er! Samtidig kan det til tider vere noko av det mest slitsomme og kompliserte du nokon gong har gitt deg ut på. Oppgåva er fyllt med kjærleik og frustrasjon, lykke og fortvilelse. Midt i dette kan det være godt med nokre påminningar og tips på vegen.

Nina Nakling har holdt kurs og foredrag for foreldre i over 20 år. Ho brukar si lange erfaring som pedagog, godt ispedd eigne erfaringer som mor.



- Denne kvelden set vi fokus på foreldrerolla. Korleis du/de som foreldre kan styrke/støtte barnet ditt/ungdomen din, og gje dei ein solid grunnmur så dei kan takle utfordringar dei vil møte i livet.
- Med sterkt faglig forankring gir Nina deg gode tips for livet som forelder. Tema som vert tatt opp er f.eks oppdragelse, grensesetting, kommunikasjon og barnet sitt liv utanfor heimen.

Stad: Dalsøyra samfunnshus
Tid: 8.juni 2022 kl 18.00 – 19.30
Gratis inngang.

Arrangør: Gulen helsestasjon og skulehelseteneste



Bli med på den kulaste lesekampanjen i sommar!

Frå 1. juni til 31. august kan du som går i 1. til 7. klasse delta på www.sommarles.no

Sommarles gjer lesing endå kjekkare, og det er heilt gratis å vere med!

Du lagar ein profil på Sommarles.no, registrerer bøker, får lesetips, løyser oppgåver og kan følge med på kva vennene dine les. Her kan du også lese ei superspennande forteljing, skriven av forfattar Mari Moen Holsve. Har du ikkje tilgang til nett, kan du delta med eit lesekort. Spør på biblioteket!

Sommarles er for alle. For kvar bok du legg inn, får du XP (poeng) og går etter kvart opp i level. Du kan lese vanlege bøker, e-bøker, teikneseriar, høyre lydbøker eller nokon kan lese høgt for deg - all lesing tel. Og sjølvsagt har vi premiar! Når du registrerer bøker du har lese, får du digitale trofé til profilen din på nettsida, og du kan hente premiar på biblioteket i løpet av sommaren.

For å bli med på Sommarles.no går du inn på nettsida frå 1. Juni og lagar deg ein eigen profil saman med ein voksen. Ein føresett må godkjenne at du skal delta, og de må bruke e-postadressa til den føresette ved registrering. Viss de treng hjelp, er det berre å spørje på biblioteket dykkar. Så er det berre å lese i veg!

God sommar med Sommarles.no

Helsing oss på biblioteka i Brekke, Byrknes, Dalsøyra og Eivindvik

Aktiv på dagsid

Aktiv på Dagsid gruppene besøkte i mai ein av Gulens kulturperler «Opdal Skulemuseum». Det er ein fantastisk jobb Anne Grete H. Opdal har gjort for å bevare kulturminne, ein kjem verkeleg tilbake til skulestova i «gamledagar».



Anne Grete fortalte gode historier og den turlade gjengen måtte grave fram gammal kunnskap, då ho drog i gang ein klassequiz, konkurranseinstinkt mangla det ikkje på 😊

Det var og omvising i denne flotte Rhododendronhagen til Anne Grete H. Opdal.



Aktiv på dagsid i **Eivindvik** tar sommarferie i juni, juli og august .

Ny tilskotsordning til mangfold- og inkluderingsstiltak i idrett og fysisk aktivitet

Lotteri- og stiftelsestilsynet forvaltar ei ny tilskotsordning som skal legge til rette for auka deltaking i idrett og fysisk aktivitet for alle born og unge.

Søknadsfristen er 13.06.2022, kl 13:00. Sjå www.gulen.kommune.no for meir informasjon.

Ta kontakt med Kulturkonsulent, Herold Kråkenes på telefon 57 78 20 08 eller 94 45 46 30 for spørsmål.

Gulen kommune sin digitale medarbeidar

Kommune-Kari er Gulen kommune sin chat-bot og du finn ho på heimesida til kommunen. Ho skal hjelpe innbyggjarane med å finne svar på spørsmål om kommunale tenester.



Kari er intelligent og prøver å forstå kva du spør om basert på det vi har lært ho, og kva data ho har tilgjengeleg.

Du skriv til dømes: Korleis søker barnehageplass? Kommune-Kari vil då gjere ei analyse av spørsmålet ditt. Er ho usikker på kva du meiner, vil ho stille leiande spørsmål for å kome fram til rett svar. Gjennom dialog vil ho på denne måten samle nok informasjon til å hjelpe deg.

Eit tips er å bruke korte setningar eller enkeltord som td. faktura, terrasse, barnehage. Ein treng ikkje å skrive heile setningar.

Ynskjer du å snakke med ein person er sentralbordet ope frå 09:00 – 15:00 fem dagar i veka, Kommune-Kari er kun ei ekstrahjelp. Ei ekstrahjelp som er så glad i jobben sin at ho aldri går heim. Du kan derfor få hjelp kvar einaste dag 24 timer i døgnet.

Det er veldig kjekt å sjå at det er mange som spør Kommune-Kari om hjelp. Gi oss gjerne ein tommel opp, dersom du finn svar på spørsmålet, eller ein tommel ned dersom ho ikkje gjev deg svar. Dette er viktig informasjon for oss, som vi nyttar til å gjere tenesta betre.

Nytilsette i psykisk helse og rus

Marte B. Løvold byrja hjå oss 30 august 2021.



I tillegg har vi vore så heldig å få miljørarbeidar tilknytt tenesta. Kåre Tveit byrja i denne stillinga 1. mars. Vi ynskjer dei begge velkommen og set stor pris på jobben dei gjer.

Anne Karin D. Haveland, Fagleiar psykisk helse og rus, Gulen kommune

BUA

Bua Gulen ved Dalsøyra Samfunnshus har ope torsdag frå kl 17.00-18.30.

Gå inn på www.bua.io og registrer deg som brukar. Er du under 18 år må ein foresatt registrere deg som medlånar

Sjå kva vi har: Søk på Bua Gulen Utlånsordninger og klikk på finn utstyr.

Ta kontakt på mob 90 10 41 39 om det er spørsmål.

BUA Gulen er kommunen sin utlånnssentral der alle i Gulen kan låne gratis fritidsutstyr heile året. BUA jobbar aktivt for å betre folkehelsa, reduserer forskjellar og senker dagens forbruk.

Vi vil gjere det enklare for born og unge til å bli inspirert og prøve forskjellige aktivitetar utan å auke forbruk. Vi håpar born, unge, voksne, familiær, barnehage/skule og frivillige lag og organisasjonar vil nytte seg av dette tilbodet.

Takk for minnegåve

Kreftomsorga i Gulen kommune vil med dette få takke for minnegåva etter Joachim Harald Haufe sin bortgang. Gåva vil bli brukt til innkjøp av nyttig utstyr innan lindrande omsorg. Tusen takk.

Helsing tilsette i pleie- og omsorg v/Kreft- og ressurssjukepleiar Mona Hjartholm

Tilsette og bebuarar ved Eivindvik bu- og omsorgssenter vil med dette få takke for minnegåva etter Odd Lihaug sin bortgang og for minnegåva etter Ingrid Erdal sin bortgang. Hjarteleg takk.

Helsing tilsette og bebuarar ved omsorgssenteret v/avd.spl. Joy Palmer